



Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/19098 - 21/7387

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
03.02.2021

Oversender søknad om dispensasjon frå LNF og pbl § 1-8 til utfale - gbnr 123/15 Risa

Tiltak: Søknad om dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 123/15
Tiltakshavar: Eli-Karin Schaug-Pettersen
Ansvarleg søkjar: Reknes Byggjevarer LI

Saka gjeld søknad om tilbygg til eksisterande fritidsbustad på eigedom gbnr. 123/15. Det var i sak 20/2649 søkt om tilbygg til fritidsbustaden saka vart trekt før realitetshandaming.

Det er no søkt om dispensasjon for etablering av eit mindre tilbygg høve sak 20/2649. Det er i søknad opplyst at fritidsbustaden etter planlagt tilbygg vil ha eit samla bruksareal (BRA) på om lag 118,6 m², frittliggjande naust på eigedomen er ikkje medrekna.

Det er søkt om dispensasjon frå arealføremålet LNF i gjeldande kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden samt frå byggeforbodet langs sjø gjeve i plan- og bygningslova § 1-8.

Ut i frå innsendt dokumentasjon vil tilbygget bestå i ei forlenging av fritidsbustaden mot sør-aust samt ei ark i fasade mot sjø, samt justering av takkonstruksjon, korvidt fritidsbustaden vert høgare etter planlagt tiltak går ikkje fram av innsendt dokumentasjon og vil verte etterspurt. Største møhehøgde vil i høve innsendte teikningar vere på om lag 8,1 meter, medan største gesimshøgde vert på om lag 5,7 meter.

Tiltaket er nabovarsla, det ligg ikkje føre merknadar til varsla tiltak.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden er definert som LNF-føremål. Tiltaka ligg i heilskap på land, men eigedomen grenser opp mot område omfatta av forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine vereområde.

Det er i retningsline til LNF-føremålet i føresegna § 4.7 opplyst følgjande om tiltak på eksisterande fritidsbustad:

4.7 Det kan gjevast dispensasjon for mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a og tilleggsareal inntil 200 m² på eksisterande fritidseigedomar når samla utbygging er innafor grensene fastsett under, tiltaket ikkje er til vesentleg ulempe for omsyna bak LNF-føremålet og føremonene elles er klart større enn ulempene. Bygd areal (BYA) bør ikkje overstige 20 %. Samla bruksareal (BRA) for fritidsbustad, garasje og uthus bør ikkje overstige 120 m². Maksimal gesimshøgde bør ikkje overstige 6,0 m og maksimal mønehøgde 9,0 m. Høgdena vert målt frå planert terreng.

VURDERING

Dei planlagde tiltak krev at det ligg føre dispensasjon frå LNF-føremålet og frå plan- og bygningslova § 1-8. Før kommunen handsamar søknaden vert den sendt til regional og lokale mynde til uttale. Vår handsaming av saka vil i stor grad avhenge av dykkar uttale.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon
Situasjonsplan
Tegninger Eksisterende-hytte (003)
BILDER TATT AV EKSISTERENDE HYTTE
NYE TEGNINGER _FASADER_PLAN OG SNITT
Fotomontasje
Utsnitt KDP gbnr 123_15
Utsnitt orthofoto gbnr 123_15

Kopi til:

Eli-Karin Schaug-Pettersen	Stongafjellsvegen 154	5301	KLEPPESTØ
Reknes Byggjevarer LI	Masfjordvegen 187	5986	HOSTELAND
Reknes Byggjevarer LI	Masfjordvegen 187	5986	HOSTELAND

Mottakarar:

Landbruk			
Plan og analyse			
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN